

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Aleksander Øren Heen (SP) sette på vegner av SP, H fram slik protokollmerknad:

«Protokollmerknad

Senterpartiet og Høyre vil gjere merksam på at ein i sak om nyval til Fylkesutvalet aktivt omgår lovkravet om 40% kjønnsrepresentasjon ved å først endre saklista slik at ein kan velje eit kvinneleg setjemedlem for ein tidsavgrensa permisjon, for deretter nytte høvet ved at ein har setjemedlem inne som grunnlag for å støtte kravet om 40% kjønnsrepresentasjon. Senterpartiet og Høyre er uroa for kva nye prinsipp ein etablerer for ettertida ved å tilpasse seg lova på denne måten.»

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Alfred Bjørlo vert innvilga fritak for sine verv som folkevald i Vestland fylkeskommune. Fritaket gjeld frå 30.09.2021 og ut valperioden.
2. Som ny medlem til hovudutval for næring vert vald: Suppleringsval til hovudutval vert å komme attende til.
3. Som ny medlem til fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet vert vald: Geir Kjell Andersland.
4. Som ny varamedlem til fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet vert vald: Val av varamedlem vert utsett.
5. Som ny medlem til valnemnda vert vald: Geir Kjell Andersland.
6. Som ny varamedlem til Vestlandsrådet vert vald: Geir Kjell Andersland.

Protokollmerknad frå Senterpartiet og Høyre

Senterpartiet og Høyre vil gjere merksam på at ein i sak om nyval til Fylkesutvalet aktivt omgår lovkravet om 40% kjønnsrepresentasjon ved å først endre saklista slik at ein kan velje eit kvinneleg setjemedlem for ein tidsavgrensa permisjon, for deretter nytte høvet ved at ein har setjemedlem inne som grunnlag for å støtte kravet om 40% kjønnsrepresentasjon. Senterpartiet og Høyre er uroa for kva nye prinsipp ein etablerer for ettertida ved å tilpasse seg lova på denne måten.